



Signe Karine, Ebba, Torger Johan og Nelly frå Uskedalen saman med Julie og Emilie frå Rosendal.

Sist torsdag arrangerte Rosendal skulekorps sin årvisse vårkonsert med basar. Vertskorpset framførte programmet frå Hordabæsten i Grieghallen nyleg saman med muskarane frå Uskedal skulemusikk. I tillegg fekk publikum høyra flotte framføringar av 9 flinke musikarar som snart vert med i dei to korpsa.



Katrine, Anna Simone og Malena spelte flott på althorn.

For publikum var det veldig kjekt å høyra det flotte programmet på fire nummer som dei to samarbeidskorpsa oppnådde 7. plass med under Hordablæsten i Grieghallen nyleg. I Grieghallen spela dei opp mot sitt aller beste, og dei kom godt frå det denne torsdagen og. Dette samarbeidet har vore svært vellukka. Det har gjort både korpsa og kvar einiskild musikar betre, og eg vil tru at mange har lyst til å følgja dette opp neste sesong. Det var Rosendals-dirigent Linas Dakinevicius som dirigerte framføringa, men også Uskedal skulemusikk sin dirigent Tor Skeie Olsen har vore sentral i innøvinga ov programmet.

I tillegg til korpsa fekk publikum høyre flotte framføringar av 9 musikarar som snart tar steget inn i dei to korpsa, 7 frå Uskedal og 2 frå Rosendal. Dei kom godt frå sine framføringar, og dette året har aspirantane fått meir trening i å opptre enn tidlegare år. Nyleg opptredde dei på konsert i Uskedalen. Dei er svært flinke så både kvalitet og kvantitet lovar godt for rekrutteringa. Som elevar i kulturskulen har dei hatt dyktige Linas Dakinevicius som lærar. Han har jobba i Kvinnherad som messinglærar sidan hausten 2014, men frå hausten er det, dessverre for Kvinnherad, korps og elevar i Haugesund som får glede av Etne-busette Linas som opphavelg er frå Litauen. Han har gjort ein flott jobb i Kinnherad desse åra, og den sympatiske karen har vist seg som svært dyktig både som instruktør og utøvande musikar med valthorn som hovudinstrument. Han har også vore dirigent for Rosendal skulekorps og Høyåker musikklag. Det har blitt mange både timar og kilometer i bil.

Heilt slutt er det likevel ikkje i Kvinnherad. Han skal halda fram som dirigent av Høyåker som er svært glade for å behalda den populære dirigenten. Med øvingsstad på Utåker har også dei hatt eit ekstra godt kort i 'forhandlingane'. Vi andre håpar at han kjem tilbake til bygdene våre som utøvar på konsertar.



[Linas Dakinevici skal frå hausten jobbe i Haugesund. Her saman med ein av Uskedalselevane, Nils Rainer Vågen.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Vidar Alfarnes og Thor Inge Døssland(arkivfoto)